



Vestland fylkeskommune v/Skyss

## Årleg ruteendringsprosess 2022 - innspel frå Sogn regionråd

Rådet viser til det regionale rutemøte 19. januar 2022 og vil takke Skyss for god og konstruktiv dialog med kommunane. Denne lokale forankringa er heilt naudsynt i rutespørsmåla.

Det kom i møtet klårt fram at mange av spørsmåla innan mobilitet og rutemønster er «kommuneoverskridande». Vi meiner difor at det i framtidige rutemøte er viktig å involvere regionråda meir i prosessen.

Rådet har som mål at kollektivtransport skal blir eit reelt alternativ til bil også i distrikta og for eit fleksibelt tilbod med bruk av ny teknologi og digitale løysingar

Skyss må halde fram med å sjå på nye eller endra ruter på land og sjø saman med ein eller fleire kommunar, involvere dei og rådet ved å gje høve til å gje innspel på kva som kan vere aktuelle mogelegheitsstudie.

Her er det viktig å:

- *Byggje opp under den lokale knutepunkt-strukturen, slik at det vert enklare å skipe lokale løysingar*
- *Ha fleksibilitet til å gjennomføre pilotprosjekt saman med ein eller fleire av kommunane for å teste nye former for kollektiv mobilitet*
- *Bygge opp under senter-delsenter-strukturen med tettare avgangar mellom delsentera og soleis stimulere til mindre bilbruk*
- *Krevja nullutsleppsløysingar der det er teknisk mogeleg*
- *Syte for at den digitale plattforma har opne grensesnitt som kan kommunisere med og integrerast i tredjeparts mobilitetsløysingar*

Rådet vil peike nokre av dei «kommuneoverskridande» spørsmåla i Sogn:

### Vik, Høyanger og Lærdal

M/S Tansøy si rute på sørsida av Sognefjorden er viktig som pendlarbåt og for beredskap. Ho bitt desse grendene langs fjorden tettare saman m.a. gjennom ekstra rutekjøp. Sambandet vert gratis frå 2025. Rådet ber Skyss gå i dialog med dei tre kommunane samla for å finne ei optimal løysing.

### Vik og Sogndal

Korrespondansen rundt «Trekantsambandet» Hella – Dragsvik – Vangsnes er ikkje tilfredsstillande, særleg mot vinter-, kvelds- og nattrutene. Det gjeld m.a. skuleskyssen Vik-Sogndal. Rådet ber Skyss gå i dialog med Vik og Sogndal for å få fram meir tenlege løysingar.

### Aurland, Lærdal, Årdal og Sogndal

Skuleskyssen frå Aurland via Lærdal og til Årdal og Sogndal vidaregåande skule er ei god løysing og må halde fram.

## Luster og Sogndal

Pendlarruta på fv. 55 er viktig for den felles arbeidsmarknaden på nordsida av fjorden. Rådet ber Skyss følgje med på arbeidet med BAKT<sup>1</sup>-strategien som no vert utvikla mellom dei to kommunane.

## Reiseliv og fleksibilitet

Det er ei utfordring innan mobilitet å kombinere lokalsamfunnet sitt behov, reiselivet sine behov og forretningsreisande sine behov i ruteproduksjonen. Eit døme er Sognebåten med utvida sommarruter og koplinga til Avinor/Haukåsen. Rådet ber Skyss involvere alle dei relevante aktørane i slike prosessar.

Med helsing

Hilmar Høl  
leiar i Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift*

---

<sup>1</sup>Bustad – Arbeid – Klima og Transport